


TRIVSELSREGLEMENT

HÅLAND SKOLE

ME SPELAR PÅ LAG



LÆRING
ANSVAR
GLEDE

HÅLAND SKOLE

På Håland skole skal alle vera trygge og ha det bra! Trivselsreglane våre skal bidra til at me skal nå visjonen vår. Me tek alle ansvar for å få best mogleg læring med mykje glede i kvardagen.

Våre 6 trivselsreglar!

1. Ja til arbeidsro
2. Ja til orden
3. Ja til å ta ansvar
4. Ja til å følgja reglane
5. Nei til mobbing
6. Nei til vald

1. Ja til arbeidsro

- 1.1 Eg tilpassar arbeidsro til aktivitet.
- 1.2 Eg følgjer dei vaksne sine beskjedar.
- 1.3 Eg tek ansvar for at det er ro i alle undervisningsrom.
- 1.4 Eg er roleg i gangane.

2. Ja til orden

- 2.1 Eg ryddar etter meg.
- 2.2 Eg har orden i skolesaker, på pult, i hyller og skuffer.
- 2.3 Eg heng opp ytterklede og set sko og utstyr på rett stad.
- 2.4 Eg kastar søppel på tilvist stad.
- 2.5 Eg parkerer sykkelen på avtalt stad.
- 2.6 Eg tar ikkje med meg sparkesykkel, akebrett eller anna liknande utstyr inn i skulebygget.

3. Ja til å ta ansvar

- 3.1 Eg tar ansvar for mine handlingar.
- 3.2 Eg viser omsyn til andre og andre sine eigedelar.
- 3.3 Eg tar vare på skulebygningen og skulen sitt utstyr.
- 3.4 Eg møter presis til alle aktivitetar.
- 3.5 Eg er godt førebudd til skuledagen.
- 3.6 Eg oppheld meg på skuleområdet i skuletida.

4. Ja til å følgja reglane

- 4.1 Me respekterer felles reglar.
- 4.2 Skolen kan ved spesielle høve gi unntak frå nokre av reglane i punkt 4.
- 4.3 Rulleskøyter/rullebrett er bare tillate på tilvist plass. Brukarar skal ha på verneutstyr for hovud, kne og handledd. Oppbevaring av utstyr er på tilvist plass.
- 4.4 Sykkel og sparkesykkel vert parkert på tilvist plass og skal ikkje nyttast i skoletida.
- 4.5 Mobiltelefonar skal vera avslått og ligge i sekken heile skoledagen.
- 4.6 Det er ikkje lov å ta med rusmiddel eller tobakk/snus på skolen.

- 4.7 Det er ikkje lov å ta med snop eller drikke med koffein/ energidrikk.
- 4.8 Ytterklede og ytterplagg skal oppbevarast på tilvist stad utanfor klasserommet.
- 4.9 Toalett og gangar skal ikkje brukast som opphaldsstad.
- 4.10 Dersom ein finn grunn for det, kan skolen forby elevane å ta med visse typar leiker, samleobjekt, bøker og blad.
- 4.11 Snøballkasting skal bare finne stad i ballbingen. Snøvasking er ikkje tillate.

5. Nei til mobbing

- 5.1 Eg spelar på lag.
- 5.2 Eg jobbar for eit mobbefritt miljø.
- 5.3 Eg snakkar ikkje stygt om eller til andre.
- 5.4 Eg har nettvett og skriv ikkje noko som gjer andre lei seg.
- 5.5 Eg seier ifrå kor mine tålegrenser går.
- 5.6 Eg er merksam på andre sine grenser og respekterer STOPP-regelen.
- 5.7 Eg seier ifrå til ein vaksen om nokon blir plaga eller mobba.

6. Nei til vald

- 6.1 Eg påfører ikkje andre fysisk skade eller smerte.
- 6.2 Eg utset ikkje meg sjølv for fysisk skade eller smerte.
- 6.3 Eg tek ikkje med farlege gjenstandar til skulen.

Hugseliste for føresette:

- ✓ Skolen forventar at eleven kjem på skolen utkvilt, at han/ho har ete frukost og har med sunn nistemmat.
- ✓ Foreldre/ føresette har ansvar for oppfølging av lekser for sitt barn, uavhengig av om eleven deltar på tilbodet om leksehjelp.
- ✓ Er elevar i 1. - 2. klasse sjuke, skal føresette gi melding til skolen før skoledagen tek til.
- ✓ Ved/ etter sjukdom skal det leverast skriftleg melding.
- ✓ Dersom eleven er fråverande meir enn tre-3-dagar, skal føresette gi direkte melding til skolen om dette. Ved slikt langtidsfråvær er det ønskeleg med legeattest.
- ✓ Ved sykling i skoletida skal elevane bruka hjelm. Hugs å sjå til at sykkel er i forskriftsmessig stand.
- ✓ Ved "uvøren" bruk må det som blir øydelagt, erstattast. Dette gjeld òg ting som blir mista.
- ✓ Det skal vera bokbind på fleirgongsbøker.
- ✓ Føresette kan ikkje sjølv fritta elevar for timar eller dagar. Ein må senda skriftleg søknad om slik permisjon. Permisjonssøknaden må grunngjevast. Kontaktlærer kan gje fri når fråveret er mindre enn ein dag.
- ✓ Gjeld fråveret ein dag eller meir skal søknaden behandlast av rektor. Rektor kan gi inntil to veker permisjon. Opplæringslova gir ikkje høve til permisjonar ut over to veker (10 skoledagar). Permisjonsskjema finn ein på heimesida.

REAKSJONAR VED BROT PÅ SKOLEN SINE REGLAR

Følgjande reaksjonar vil bli vurdert og kan nyttast:

- ✓ Tilsnakk frå tilsett.
- ✓ Samtale og oppretting av avtale med eleven.
- ✓ Ved alvorlege brot eller ved gjentakning av brot på reglane; munnleg eller skriftleg melding til føresette.
- ✓ Samtale og avtale med føresette. Eleven bør, om mogleg, vera med.
- ✓ Ved brot på reglane om sykkel, rulleskøyter eller rullebrett kan dette bli inndrege og må hentast i administrasjonen.
- ✓ Dersom ein bryt regelen for mobiltelefon, blir telefonen inndregen, og kan først hentast i administrasjonen på slutten av dagen. Ved andre gongs brot må ein venta til slutten av neste skoledag før ein får den att. Ved brot ut over dette må dei føresette komma og henta telefonen.
- ✓ Forstyrrende gjenstandar kan bli inndregne for dagen. Eleven skal sjølv be om å få dette igjen etter skoletid.
- ✓ Farlege gjenstandar blir inndregne. Føresette får melding munnleg eller skriftleg. Slike gjenstandar må hentast i administrasjonen av føresette.
- ✓ Bortvising frå gruppa under oppsyn.
- ✓ Ved alvorlege brot eller gjentakningar av brot på reglane, kan elevane utestengjast for kortare eller lengre tid frå spesielle aktivitetar, turar eller leirskole . Dersom utestenginga gjeld for lengre tid enn same dag, skal føresette få melding om dette av rektor.
- ✓ Dersom elevar bryt ordensreglar og føresegnar, kan det i særleg alvorlege tilfelle nyttast bortvising i samsvar med paragraf § 2-10 i opplæringslova. Føresette skal varslast før bortvisinga blir sett i verk.

SANKSJONSSTIGEN

NB! Gjeld mobbing og åtferd som bryt med skolen og klassen sine reglar, *ikkje konflikt!*

1. Først påtale. Krav: Stopp med dette!
2. Så samtale med kontaktlærer
3. Så (eventuell) borte frå dei andre i friminuttet
4. Så (ev.) time-out
5. Så (ev.) gjensitting
6. Så (ev.) samtale med rektor
7. Så (ev.) utvising frå skolen

Kontaktlærer avgjer når føresette skal koplust inn, men hovudregelen er at dei føresette skal koplust inn så snart ein set i verk tiltak frå og med punkt 3.

Time-out vil i denne samanhengen sei utestenging frå elevgruppa i friminutt eller undervisning.

Ved *gjensitting* skal det vera skriftleg informasjon til føresette som må signera.

Det må avtalast i kvart tilfelle korleis dette skal organiserast i forhold til elevar som tar buss heim.

Utvising kan bare setjast i verk av rektor etter gjeldande reglar.